



Keipane Kystlag

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/41 - 17/10465

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

26.08.2017

Invitasjon til temamøte - "Kva vil me med kystsogevekene?"

Kystsogevekene vert i år arrangert for 21. gong. Også i Nordhordland skjer det mykje. Lag og foreiningar i regionen gjer ein stor jobb med å løfte fram kystkulturen!

Kulturkontora i Lindås, Meland og Radøy samt dagleg leiar i Kystsogevekene, ønskjer å sette fokus på framtida til kystsogevekene. «**Kva vil vi med Kystsogevekene?**» har vi sett som tittel på eit møte vi skal arrangere på «**Mølla**» på **Litlebergen onsdag 13. september kl 1830.**

Vi har fått Kystens mann – den kjente **NRK mannen Dag Lindebjerg** – som konferansier. Han er kjend for m.a. mange flotte program om kysten og folket som bur der.

Det vert paneldebatt med ordførarane i Lindås, Meland og Radøy samt dagleg leiar i Kystsogevekene Kjell Magnus Økland. Kjell Magnus er godt kjend med kystkultur og har m.a. ført i penn nominasjonen som fekk bygging og bruk av Oselvaren inn på UNESCO si kulturarvliste over gode vernepraksisar.

Vi håper du med ditt kjennskap til kystkultur, kan vere med å synse om korleis Kystsogevekene skal utviklas for framtida.

Det vert enkel servering.

ME GLER OSS – VELKOMEN!

Med helsing

Eileen M. Feste
Lindås kommune

Eirik Eirik Bouwer Utne
Meland kommune

Bente Kopperdal Hervik
Radøy kommune

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Mottakarar:

Keipane Kystlag			
Nordanger Gardsmuseum	Johannes Birkeland	5939	SLETTA
Nøtlevåg meieri			
Radøy Motorsamling	Guttorm Storheim	5938	SÆBØVÅGEN
Radøy Sogelag v/Einar Borgund	Einar Borgund	5936	MANGER
Risnes Grendalag	Tore Villanger	5937	BØVÅGEN
Vestnorsk utvandringssenter			